

Skin att i morgon, men kor høg?

01.12.2011



I morgon ettermiddag blir ho tent att, den eineståande og permanente julegrana vår og alle delar ynskje om at vergudane held seg på matta.

Musikklagveteran Bjørgulv Eik håpar inderleg at dei kan få spela ute og ikkje må inn i Helgheim. Men eitt spørsmål blir det ikkje gjeve svar på i år heller: Kor høg er ho eigentleg, Grano?

No har ho ikkje vore målt sidan i 2002 og då var ho 21 meter og 54 centimeter. Med andre ord vil det neste år vera 10 år sidan sist og Bjørgulv er med på at det kan passe med ei ny måling i 2012.

Grana vår er minst 100 år gamal og var 13 meter ved den fyrste tenninga i 1963. Gjennom åra har ver og vind gjort stutt prosess med mange pærer på grana men kvart år startar det med 71. Frå toppn skin ei på 100 watt medan dei andre er 25. Det har hendt at så mange som 150 har havarert gjennom jule- og nyårshelga,

Grana er framleis i fin form og det er også dei to unge erstatningstrea som er planta mellom Sandavegen og Gamleskulen. Det eine skal som ein forstår fjernast, men Bjørgulv meiner at fjerninga ikkje har nokon bråhast ettersom begge veks og trivs.

Velkome nok eit år til ei av dei mest tradisjonsbundne hendingane i Uskedalen!

Av Ola Matti Mathisen
Foto: Kjell Magne Haugland